



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
031/25	Utvalet for næring og miljø	09.04.2025
074/25	Formannskapet	10.04.2025
030/25	Kommunestyret	24.04.2025

Gebyr for unødig brannutrykning til automatisk brannalarm

Vedtak i Kommunestyret 24.04.2025:

Gebyr for unødig brannutrykning til automatisk brannalarm vert fastsett til kr 10.000.

Gebyret vil gjelde frå 1. mai 2025.

Innstilling frå Formannskapet 10.04.2025:

Gebyr for unødig brannutrykning til automatisk brannalarm vert fastsett til kr 10.000.

Gebyret vil gjelde frå 1. mai 2025.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Gebyr for unødig brannutrykning til automatisk brannalarm vert fastsett til kr 10.000.

Gebyret vil gjelde frå 1. mai 2025.

Bakgrunn for saka

Saka gjeld fastsetting av gebyr for unødig brannutrykning til automatiske brannalarmer (ABA).

Som eit innsparingstiltak vert det føreslått å innføre gebyr på kr 10.000 for unødig utrykning til automatisk brannalarm.

Saksutgreiing

Sunnfjord brann og redning har årleg rundt 60 utrykningar til automatiske brannalarmer.

Nokre av alarmane er reelle (og vil ikkje verta fakturert gebyr for), nokre er kommunale bygg (som vil føre til internfakturering i kommunen). og til slutt sit vi att med rundt 20 unødige utrykningar som det kan fakturerast gebyr for.

Tal unødige utrykningar vil på litt sikt truleg gå ned, i takt med at huseigarane vert bevist på gebyret, og blir betre på internkontroll og rutiner omkring brannvarslingsanlegga sine.

Kva er ein unødig utrykning: Ein unødig utrykning er når eit alarmanlegg varslar brannvesenet om brann, eller andre hendingar som anlegget skal varsle, utan at det anlegget varslar om, er reelt.

Vurdering

Innføring av gebyr for unødig brannutrykning vert gjort for å hindre at brannvesenet sine ressursar vert misbrukt til ikkje reelle hendingar. Unødige brannutrykningar legg beslag på mannskap og materiell, reduserer brannvesenet sin beredskap for reelle hendingar, og skapar forstyrring/risiko ved utrykningskøyring i trafikken.

Eksempel på kva som kan føre til ein unødig utrykning:

- Steikeos frå komfyr, steikepanne osv.
- Dusjing med påfølgande damp som løyser ut alarm.
- Reinhold på bygg, som løyser ut detektor.
- Arbeid på brannalarm- og sprinkleranlegg, utan at alarmsona er kopla ut.
- Brannøving som ikkje er meldt til 110-sentral.
- Utløyst manuell handmeldar utan at det er brann.
- Manglande vedlikehald
- Feilplasserte detektorar
- Utan påviseleg grunn/teknisk feil
- Trykkfall på sprinkleranlegg.

Nivå på gebyret. Sjølvkost for ein brannutrykning i NGJ-tettstadene, med ei avtlefesta godtgjersle på minst 2 timar, og maksismalt oppmøte 16 brannkonstablar, vert rundt sum kr 23.000. For Førde tettstad med eit vaktlag på 4 brannkonstablar, vert same reknestykket lik kr 5.000. I tillegg kjem kostnad med brannbil og tankbil på kr 1.000 pr bil pr time.

Hovudtyngda av automatiske brannalarmar er i bygg i Førde sentrum, og ei utrykning i Førde blir difor lagt til grunn som norm for gebyret på kr 10.000.

Høyring

Saka skal ligge ute på høyring frå 21. mars til 4. april 2025.

Hittil i høyringsperioden har vi fått to innspel, frå Sæmund Bjørset og Sameige Smestad. Om det kjem til fleire innspel innan høyringsfristen 4. april, vert desse ettersendt.

Sæmund Bjørset skriv at dei som har installert automatiske alarmar med direktevarsling utan at dette er heimla i forskrifter, bør først og fremst påleggast å justere automatikken (legge inn tidsforsinkelse), kanskje fjerne den. Greier dei ikkje dette bør, dei kunne kjøpe nødvendige tenester, enten privat eller hjå brannvesenet.

Sameige Smestad skriv at dei synest 10.000 kr er eit høgt gebyr for første hending for eit lite sameige. Kva med å lage ein opptapping slik at eigarane har høve å betre rutinane for å unngå fleire hendingar i framtida, til dømes: Første utrykking 2.000 kr, andre utrykking til same adresse 5.000 kr, tredje og eventuelt fleire utrykkingar til same adresse 10.000 kr per utrykking.

Innspelet frå Bjørset er i hovudsak ei oppmoding til bygningseigarar med direktevarsling til brannvesenet. Vi presiserer at brannvesenet ikkje sel byggdriftartenester, som Bjørset føreslår avslutningsvis.

Innspelet frå Sameige Smestad med ei trinnvis opptapping av gebyret, har vi ei viss forståing for. Av omsyn til den økonomiske stoda og motivasjonen med å fremje saka som eit innsparingstiltak, vil kommunedirektøren halde på det opprinnelege framlegget med kr

10.000 i gebyr. Det kan hende at ei trinnvis opptrapping av gebyret kan innførast nokre år fram i tid, når den økonomiske stoda har normalisert seg.

Førde, den 02.04.2025

Terje Heggheim kommunedirektør	Jan-Inge hage kommunalsjef

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Kommunestyret 24.04.2025:

Avstemming:

Formannskapet si innstilling vart **einstemmig vedteke**

KST-030/25 Vedtak:

Gebyr for unødig brannutrykning til automatisk brannalarm vert fastsett til kr 10.000.

Gebyret vil gjelde frå 1. mai 2025.

Behandling i Formannskapet 10.04.2025:

Avstemming:

Utvalet for næring og miljø si tilråding vart **einstemmig tilrådd**

FORM-074/25 Vedtak:

Gebyr for unødig brannutrykning til automatisk brannalarm vert fastsett til kr 10.000.

Gebyret vil gjelde frå 1. mai 2025.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 09.04.2025:

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig tilrådd**

UNM-031/25 Vedtak:

Gebyr for unødig brannutrykning til automatisk brannalarm vert fastsett til kr 10.000.

Gebyret vil gjelde frå 1. mai 2025.